



### 3 Fellesutgifter - fellesinntekter

#### Fellesutgifter - fellesinntekter omhandlar fylgjande tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einkilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
  - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
  - Felles datakommunikasjon
  - Telefon og telefax
  - Frankering – porto
  - Kontingent til KS
  - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
  - Premieavvik blir samla her frå 2011.
  - Løn til lærlingar
  - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
  - Utgifter til bedriftshelseteneste

#### Drift

Alle tal i heile 1 000

	3 FELLESENTGIFTER/FELLESENTTEKTER	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
Tenester		2022	2022	2022	2021
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 798	1 424	1 424	1 434
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	299	213	213	360
1240	DIVERSE FELLESENTFUNKSJONAR	12 486	10 615	11 195	15 117
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 23 147	- 4 000	- 4 000	- 1 503
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 731	- 104	- 104	- 562

1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	6 158	5 388	5 388	8 099
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	259	455	455	77
1720	PENSJON	177	-	-	150
1730	PREMIEFOND	- 27 776	- 5 135	- 5 135	- 29 511
2110	BARNEHAGE	1 976	223	223	905
2120	GRUNNSKOLE	2 583	263	263	1 096
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	496	243	243	282
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 888	258	258	1 703
2546	GISKE OMSORGSSENTER	1 598	213	213	1 232
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	2 911	290	290	1 489
	Sum andre tenester knytt til fordeling av pensjonskostnader	12 355	-	-	5 712
	<b>Sum gruppeansvar: 3 FELLESGIFTER/FELLESINTEKTER</b>	<b>- 6 672</b>	<b>10 346</b>	<b>10 927</b>	<b>6 080</b>

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 17 mill.kr.

Meirforbruket skriv seg frå ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 1,8 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar. Avviket er større på ramme 3 enn kommunen samla og viser at tenesta fortsatt er ein samlepost for utgifter som tidlegare vart fordelt på rammeområda.

Pensjonskostnadane medførte at rammeområdet fekk eit mindreforbruk på 12,7 mill.kr.

Giske kommune gjorde endring i pensjonsportefølja og har no portefølje med investeringsval. Dette frigjorde 50 mill.kr som vart tilført premiefondet. Midler på premiefond kan berre brukast til framtidig premiebetaling, og Giske kommune brukte 27 743 432 av premiefondet for å dekke premieinnbetalingar i 2022.

Som ein følge av endringa måtte kommuna betale inn 20 mill.kr i eit bufferavsetning, denne skal behandlast på same måte som ordinært innskot. For ikkje å belaste einingane ytterlegare er denne avsetninga i si heilheit ført i ramme 3.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei inntekt på 17,4 mill.kr. Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med kr 4,1 medan det vart 23,8 mill.kr. Auken skriv seg frå bufferavsetninga som aukar premieavviket, men som vil kome som ei utgift gjennom amortiseringa dei neste 7 åra med ca 2,9 mill.kr per år. Bruk av premiefond vart 25,8 mill. kr, og er 23,3 mill.kr over budsjettet. Begge deler må ein sjå i sammenheng med auken i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det eit samla meirforbruk på 1,3 mill. kr for pensjonskostnadane og skriv seg hovudsklig frå auke i lønsutgiftene. Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit meirforbruk på ca 16 mill.kr.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.

\* Følgjande kan ikkje dekkes av midler fra premiefond:

- Tilskudd AFP 62-64
- Tilskudd Sikringsordningen
- Adm. tilskudd SPK for OFA
- MVA adm.tilskudd til SPK for OFA
- Forsinkelsesrenter
- Egenkapitaltilskudd

Innestående på premiefondet er sikret en minimumsavkastning tilsvarende den garanterte renten. Hensikten er at forsikringstakeren skal kunne avsette ekstra beløp i «gode år» for å ha et fond å ta av til betaling av premier. Premiefond kan berre nyttast til

## Kostra

Kostra funksjon		2022	2022	2021	2021	2020	2020
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	5	71	2	-116	2	72
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-2 747	-1 936	- 240	- 2 298	-310	-908
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	738	1 550	951	1 188	913	1 231
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	44	-41	29	22	21	4
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	- 3 192	-2 435	- 3 428	- 2051	-469	-556